



Foto: Marie Havnen

Katteelskaren som berre skulle ha ein kosekatt

Sjølv om dei fleste veit at Sissel Hals er hekta på kattar, er det nesten ingen som spør henne om dei. Difor diggar konkurransemennesket og katteelskaren å reise på utstilling.

Av [Marie Havnen](#)

Publisert: 17.11.17 18:17

Artikkelen er over 5 år gammel

For abonnentar


– Eg klarer vel ikkje heilt å snakke meg vekk frå omgrepet crazy cat lady, seier Sissel Karin Hals.

Ho opnar døra til leilegheita i Vieåsen. Utanfor ligg huskatten Leo i eit hjørne. Her har han full oversikt over kven som kjem og går. Han har vore her lengst, men er nok ikkje heilt sjefen lenger.

– Eg skulle berre ha meg ein rasekatt i 2014. Så den første, Maestro, henta eg i Trondheim. Men dei trivst ikkje så godt åleine, for dei er veldig sosiale, dei likar seg saman. Så året etter fekk eg nummer to.

No er Sissel hekta på rasen Maine Coon. Ho henta ei jente i Finland, før ho reiste til Wien og henta ein gut til. På kjøkkendisken ligg X-en, medan høggravide Bermuda slappar av på golvet.

– Hei, Maestro! Hei, X-en! Komme då. Hei pusen, lokkar Sissel.



SJEFEN: Ladejarlen Maestro er første rasekatten Sissel kjøpte. Han kjem frå Trondheim, men Maine Coon-rasen har opphav i Maine i USA. Dei blir rekna som

den største rasen av tamme rasekattar i Norge. - Det er nok han som er sjefen. Han er oppteken av å vise det, seier Sissel Hals. Foto: Marie Havnen

- Han her har slanka seg eitt kilo no. Han er så hyperfertil no, då har han ikkje tid til å ete, fortel Sissel.

ANNONSE

Maestro mel på fanget hennar. Så kjem Cinderella som er på lån frå Trondheim. Ho skal parast med ein av herrane i huset, men har ikkje løpetid enno. No er huset fylt av fem Maine Coon-ar, der ei er høggravid, ein er hyperfertil, ein framleis er kattunge, ei ventar på løpetid, ei tar livet tilsynelatande med ro, medan huskatten Leo er ute på eventyr.

- Eigentleg skulle eg berre ha ein katt til kos, men så blei eg overtalt til å ta Maestro med på utstilling, seier Sissel.

Sjølv om venner og kjende veit om kattelidenskapen er det sjeldan nokon spør om kattane.

- Det som gjer at eg trivst så godt med dette, er miljøet rundt. Det er ikkje så mange som driv stort med katt i Førde. Det er ikkje alle som forstår kor spennande og stor lidenskap det er. Det er liksom crazy cat lady. Når eg

reiser på utstillingar, møter eg folk frå inn- og utland der du kan snakke katt heile tida, utan at folk hevar eit augnebryn. Det er herleg å kunne prate fritt, dele erfaringar og knyte nye kontaktar i det store kattemiljøet.

Blei hekta på kattelivet

No er tre år gamle Maestro såkalla «supreme champion». Fleire helger i månaden reiser nemleg matmor og kattane land og strand rundt for å konkurrere på utstilling.

– Eg vart biten av galskapen ganske fort. Eg er konkurransemenneske, så då passa det bra. I starten reiste eg ein gong i månaden, no er det oftare. Maestro gjorde det bra allereie som kattunge, så då blei eg hekta på dette livet. Eg syntest det var spennande.



KATTEFRELST: Fleire helger kvar månad reiser Sissel Hals og kattane på utstillingar i Norge eller utlandet. - Ein kan begynne å øve på å halde kattane når dei er ganske små. Det er viktig at dei slappar av og er vande med det, seier Sissel og viser korleis det går føre seg på ustilling. Denne grå jenta går vanlegvis under det enkle Lotta, men heiter eigentleg Escape's Good Charlotte. - Ho er flott, med eit søtt og pent ansikt, seier Sissel. Foto: Marie Havnen

Seinare blei det utstillingar i Kristiansund, Ålesund, Oslo, Bergen. Så Göteborg, Finland, Danmark, Sverige, Mo i Rana og no sist Worldshow i Nederland. Før utstillingar skal dei semilanghåra kattane stellast. Då er det børsting, bading og føning, så pelsen blir perfekt. Klipping av klør, vasking av øyre og ordning av øyrehår.

– Kattane vert dømde etter type, størrelse, kropp, hale, ansikt, beinbygnad, etter tufsane på øyra og meir med omsyn til rasestandarden.

Kattane kan vinne i mange kategoriar, men siste og gjævaste tittelen er «Best in show».

– Maestro og jentene har fått vere med i konkurransen om «best in show» mange gongar, men har aldri vunne. Så kjem han her jyplingen og tek reint bord. Han har blitt «best in show» seks gongar sidan første utstillinga i september, og er no juniorvinnar. Til no i år er det berre ein anna Maine Coon i Norge som har klart same tittel, seier Sissel om X-man.



FAMILIE: Kattane er høgt og lågt i stova til Sissel. - Eg vil ikkje stenge av noko særleg. Dette er heimen deira. Dei bur her dei og, seier ho. Foto: Marie Havnen

Den svarte og grå katten har eit morskt ansikt, akkurat slik ein Maine Coon skal ha.

- Då blei det masse tårer, mykje følelsar.

Næraste du kjem hund

Sissel vaks opp på gard med huskatt. Ho har alltid vore glad i kattar, men aldri skjønt seg på hundar, trass stor kjærleik for dyr generelt.

- Maine Coon er det næraste du kjem hund, med ein katt. Dei er tillitsfulle og kontaktsøkande. Og så er dei veldig pratesalige. Det er mykje katt, stor personlegdom i dyra, seier matmor.

Dessutan er dei svært sosiale, og trivst best i lag. Det kan bli einsamt for ein Maine Coon åleine heile dagen, medan du er på jobb, fortel Sissel.

- Elles er dei som kattar flest. Dei sov det meste av dagen og rasar rundt om natta.

- Nei, Maestro, du skal ikkje inn der.

Sissel reiser seg og låser døra inn til bua. Den store katten opnar gjerne dører. Akkurat no er Cinderella der inne for å få litt fred, og Maestro vil gjerne inn.



LEIK: Rasekattane er fertile og er dermed innekattar. - Dei treng stimuli for å vedlikehalde jaktinstinkt og vere i aktivitet, seier Sissel. Lotta øvst og Maestro under. Foto: Marie Havnen

Her i huset er det Sissel og kattane som regjerer, etter at sonen nyleg flytta til Bergen for å studere.

- Han syntest nok at det var nok med ein eller to. Det kan bli litt mykje styr, men når han kjem heim, set han seg gjerne ned og kosar med dei.

Katt, så jobb, så katt, katt, katt

Sissel er utdanna siviløkonom og jobbar til dagleg i Merkur-programmet.

- No går det veldig mykje tid til katt. Eg er vel på kontoret frå 8 til 16, men så går resten av tida til katt, fortel Sissel.

Etter jobb ventar ein tur i luftegarden bak huset, for fertile rasekattar må du ha inne. Elles risikerer du slåsting og uønskt samkvem. Det vil verken Sissel


eller naboane ha noko av.

- Det er veldig viktig å halde seg til alle retningslinjer.

Dei siste to åra har Sissel tatt to kurs for å bli oppdrettar. Det siste må vente til etter ho har hatt kattekull på Bermuda. Ho har termin denne veka, og Sissel har montert webkamera for å kunne følge med når ho ikkje er heime.

Gjesten Cinderella kjem og legg seg til rette ved stovebordet. Ho set blikket i Maestro som har lagt seg til rette i sofaen. Det kjem nokre litt kvesande lydar.

- Du kan komme så nær, men ikkje nærrare, seier ho, fortel Sissel.



HØGGRAVID: Bermuda er drektig og ventar kattungar kvar dag som helst. - Eigentleg får dei ikkje sånt, men. Det er med kattar som med gravide damer, dei blir opphengte på enkelte ting. Bermuda ELSKAR kokt skinke, seier Sissel. Det er så vidt ho har tatt ut skinka frå kjøleskåpet, før katten har nappa den ut av handa hennar. Foto: Marie Havnen


Drivkrafta hennar er å skape den perfekte Maine Coon, som gjer det bra på utstilling og som kan vidareførast i avl.

– Lynnet betyr veldig mykje. Ein katt som fresar på dommarbordet, kan du berre trekke. Ein uthygget katt skal du ikkje ha med på utstilling og heller ikkje drive oppdrett på, fortel ho.

Gode kattetanter

Med fem kattar er det ikkje alle som er med på utstilling på same tid. Dermed er Sissel avhengig av gode hjelparar når ho er vekke.

– Eg er veldig heldig. Eg har nokre gode naboar og kattetanter som vi kallar dei, som ser etter dyra når eg er på utstilling. Dei er her morgen og kveld, og gjerne i løpet av ettermiddagen. Eg kunne aldri gjort dette utan dei.



LUFTAR SEG: Bak huset har Sissel bygd luftegard som kattane har tilgang til gjennom ei katteluke. - Når eg kjem heim frå jobb set eg meg gjerne her med kaffikoppen i lag med kattane. Foto: Marie Havnen

På stovebordet står kaffikoppen. Med blå kattar på. Den får besøk av X-man som hoppar opp.

– Du kan dressere kattane, men at dei ikkje skal gå på bordet eller disken, det kan eg berre gløyme. Dyra bur her. Eg har ikkje lyst å stenge av for dei.

Sofaen ber tydeleg preg av at dette er ein katteheim med frynser på putene.

– Det er ein konsekvens av å ha dyr. Her er dei familiemedlemmer. Eg ville aldri hatt kattar som berre budde i luftegarden. Dette er heimen deira. Men det betyr at eg må ha klesrullar rundt om i huset. Det blir liksom aldri tomt for kattehår, uansett kor mykje eg støvsugar.



PRISVINNER: Gattacamoon X-Man JW blei fødd i mars og kjem frå Estland. - Eg henta han i Wien. Han er kattungen min, sjølv om han ikkje akkurat ser slik ut, stor som han er. Foto: Marie Havnen

Full pupp

Nokre dagar seinare reiser Sissel til veterinæren med høggravide Bermuda. Sidan det er første kattefødsel for både kattemor og matmor, har Sissel lyst å

vite kor mange ungar som kjem.

– Veterinæren såg på bildet på skjermen og talde igjen og igjen. Det var ni ungar i magen. Eg vart heilt skjelven. Eg blei glad, men eg frykta at det skulle vere fleire dødfødde og at kattemora skulle få ei frykteleg oppleving, seier Sissel.



NIBARNSMOR: Søndag fekk Bermuda ni kattungar. Dermed blir det kamp om dei åtte spenene. For å sikre at alle klarer seg gir Sissel ekstra morsmjølkerstatning.
Foto: Marie Havnen

Førre søndag starta fødselen og ni velskapte næste kom til verda.

Minstemann vog berre 76 gram, mot 118 på den største. Ni små skapningar kravlar rundt dei åtte spenene til Bermuda. Etter tre dagar håpar Sissel dei er over det verste, og at alle ni skal klare seg. Med andre ord skal det bu 15 kattar i leilegheita i tre månadar.

– Eg er litt i ammetåka no!



SMAÅ: Her er kattungane tre dagar. Første veka er dei både blinde og døve, men så snart Sissel løftar opp ein gir dei lyd frå seg om at dei saknar mora. Foto: Marie Havnen



BILDESERIE

Her bur ei dame og fem kattar – enn så lenge

Sjå bildeserie:

Les meir om: [Førde](#) [Nyheiter](#) [Fritid](#) [Dyr](#) [hobby](#)

Sjå kommentarar